



Bruket Arkitektur

Dykkar ref.: Vår ref.: 17/226-9 Arkivkode: K2 - L13 Dato: 31.08.2018

Mindre vesentleg endring av reguleringsplan. Plan Id: 2012002 - Stasjonsområdet

Dokumentliste:

Dok.dato	Tittel
22.08.2018	Vedlegg til søknad - mindre vesentleg reguleringsendring planid 1253 2012002

RÅDMANNEN SITT VEDTAK SAK 025/18

I medhald til delegasjonsreglementet pkt. 5.4. bokstav nr f., er det fatta fylgjande vedtak:

I medhald til plan- og bygningslova § 12-14 vert reguleringsplan for stasjonsområdet,- plan id. 2012002 endra i samsvar med søknad av 25.06. 2018 med seinare endring. Føresegner datert 22.08.2018 og kartutsnitt datert 25.06.2018.

Klagerett

Vedtaket kan påklagast, jfr. plan og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova § 28. Eventuell klage må framsetjast skriftleg til heradet innan 3 veker etter at melding om vedtak er motteken, jfr. forvaltningslova §29.

FAKTA:

Det føreligg søknad datert 25.06.2018 frå Bruket Arkitektur om ei mindre endring av reguleringsplan for stasjonsområde. Plan id 2012002.

Søkjjar si utgreiing:

Ved detaljert prosjektering av området Eide i Granvin, ser ein at det er hensiktsmessig med nokre mindre vesentlege endringar av detaljreguleringsplan sentrumsplan Stasjonsområde i Granvin Kommune

1. I kapittel 9 i formingsrettleiar stasjonsområde Granvin står det at «tilbygg og påbygg kan bygges ut forbi byggelinje» men det er noko uklart om dette og gjeld carport/garasje. Det vert difor her foreslått fylgjande presisering i føresegnene pkt 5.1.9 under punkt for B05-B08:«carport og bodar kan byggas utanfor byggegrense. Siktlinjer i avkjøyrslar skal ivaretas jf. Voss Kommune sin rettleiar for avkjøyrslar til kommunal veg.»
2. I kapittel 6 i formingsrettleiar stasjonsområde Granvin står det at ein kan nytta «skifer, tre, rød tegl» som takteking. Her vert det foreslått ei endring til «skifer, tre, rød tegl, grå flat betongstein»
3. I samband med prosjektering av aktivitetsområde for eldre på F07 er linjeføring for o_KV03 og o_FT02 foreslått justert. f_P02, o_F08 og T01 vert justert tilsvarande linjeføring for veg/fortau. Parkeringsplass f_P07 er foreslått delt opp i to område Sjå situasjonsplan for detaljert løysing.



Postadresse:
Postboks 13, 5733 Granvin
Besøksadresse:
Hardangervegen 2581

Telefon:
56 52 40 00
E-post: postmottak@granvin.kommune.no
Internettside: www.granvin.kommune.no

Org.nr.:
844162502
Bankontnr.:
6501 05 67305

Søkjar har sendt søknad av 25.05.2018 til Fylkesmannen og Hordaland fylkeskommune for vurdering. Det er motteke skriftleg tilbakemelding frå Fylkesmannen og pr. telefon frå Fylkeskommunen om at dei ikkje har merknad til endringa.

Etter oversendinga har søkjar utført endringar:

Endringar. I høve søknad dagsett 25.06.18 har me gjort ei endring. I staden for å endre kap 6 i formingsrettelær, har me lagt til ei endring i føresegna pkt 5.1.9, under punkt B05- B08; « Det kan og tillatast flat betongstein som taktekkning».

Plandokument. Vedlagt er endra føresegn jamfør søknad, samt utsnitt av endringar i plankartet. Etter avtale sender me inn digitalt kartgrunnlag av nye føremålslinjer for implementering i kommunen sitt digitale plankart.

Vedlagt ligg:

1. KOPI Søknad om mindre vesentleg reguleringsendring dagsett 21.08.2018
2. Justert føresegn dagsett 22.08.2018
3. Utsnitt reguleringsplan med foreslått endring dagsett 25.06.2018 - pdf
4. Utsnitt reguleringsplan med foreslått endring dagsett 25.06.2018 □ dwg
5. Uttale Fylkesmannen

VURDERING:

I samband med planlegging av bustader på område B05 ser planleggar naudsynt behov for justering av planen, alternativt søknad om dispensasjon. Dette gjeld byggjegrensar for å få plassert carport og taktekkematerial. I tillegg føreligg ynskje frå heradet om å tilretteleggja eit aktivitetsområde for eldre på Eide. Område merka o_F07 er peika ut som høveleg til dette føremålet.

Saka er fremja som mindre vesentleg endring av reguleringsplan. Heimel til dette finn ein i plan- og bygningslova § 12-14. Etter kommunelova sine reglar kan mindre endringar som ikkje har spesiell betydning for nokon part, delegerast til rådmannen for å få ei raskare og smidigare handasaming.

Dette er vurdert som ei slik sak. Saka er førelagt aktuelle myndige som har fått høve til å uttala seg. Dei har ingen merknad.

Rådmannen vurderer tiltaket å vera i samsvar med gjeldande lov og forskrift. Rådmannen gjer likevel merksam på at eit løyve etter plan- og bygningslova berre tek stilling til den offentleg rettslege sida av saka og at det kan føreligga privatrettslege tilhøve som kan hindra utføring av tiltaket.

Med helsing

Torstein Ljone
Byggesakshandsamar
Direkte innval: 40007149

Kopi til:

Eide Grannalag

Fylkesmannen i Hordaland

Hordaland Fylkeskommune

v/ Mads Velken Stedje og Åshild

Kvamme

Kommunal- og
samfunnsplanavdelinga

5020 BERGEN

5020 BERGEN